

Oppstart Spelet om Mardøla 2023

For andre gong blir det mogleg å oppleve Spelet om Mardøla i Eikesdal. Med sjølve symbolet, den mektige Mardalsfossen som bakteppe. Håper at riktig mange kjem for å ta del i dette eventyret i år også.



Ikonisk scene frå spelet i 2022: Sigmund blir boren bort av politiet. Foto: BMØ

Mardøla teaterlag inviterer med dette til oppstart. Har du lyst til å bli med?

Møt opp på Eresfjord samfunnshus (Eresfjord skule)

laurdag 22. april og søndag 23. april. Begge dagane fra kl 11.00 til ca kl 17.00.

Det trengst folk til mange ulike roller og oppgåver:

Aksjonistar, bygdefolk, unge og eldre, skolebarn, ungdom, politifolk, politikarar, rauma-hæren. Det trengst også teknisk personell, sjauarar, kjøkken, vakter, bærehjelp og mykje meir. Alle som vil får vere med.

Billettane er ute og salget er godt i gang. Det blir fire forestillingar 9. 10.11. og 12. august. Aktørar til dei sentrale rollene er snart på plass og så godt som alle skodespelarane blir med også i år. Ny regissør er Esben Bråten som vi kjenner godt frå før.

Kontaktperson for Mardøla teaterlag er produsent Marit Engelsjord Negård tlf 90725571 e-post marit.e.n@hotmail.com Send gjerne ei melding om du kjem.

No håper vi at mange melder seg og blir med!



.. for ta her bli fole bra!